



Herleif Kvamme
Litlevika 26
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/466 - 15/4534

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
26.02.2015

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 185/179 Isdal


Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.02.2015.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Delar av tiltaket er i strid med byggelinje satt i reguleringsplan, sjå vedlagt utsnitt av arealplankartet til reguleringsplanen «Felt H Knarvik» som dykkar eigedom er omfatta av.



Den svarte linja som følger langsiden av bustaden dykkar mot sørvest, er den regulerte byggegrensa.



Vi vil presisere at det omsøkte tilbygget – dvs. utvidinga av stova – samt den utvendige trappen frå altanen ned til terrenget ikkje er i strid med byggelinja, men at det kun er utvidinga av altanen sørvestover som ikkje er i tråd med reguleringsplanen då han kryssar byggegrensa.

Dersom de ønskjer å avvike frå byggegrensekravet i planen, gir Plan- og bygningslova høve til å søke om planendring eller dispensasjon. Ein eventuell søknad vil normalt måtte avklarast med interne og eksterne instansar. Resultatet av ei slik sak er ikkje kjent på førehand.

Vi vil likevel informere om at omsynet til byggegrensa er å unngå nedbygging av det samanhengande grøntbeltet som friluftsområdet utgjer mellom den eksisterande linjen av einestader og sjøen. Tiltak som går utover den overholdte byggegrensa vil også kunne gje presedens. Vi vil i denne saka råde dykk til å forholde seg til den gjeldande reguleringsplanen.

2. Dersom de vel å berre søke om tilbygget og ikkje om utviding av altanen, ber vi dykk om å sende inn nye fasadeteikningar og ny planteikning, samt oppdatert situasjonsplan.
3. Dersom de vel å berre søke om tilbygget og ikkje om utviding av altanen, ber vi dykk om å fylle ut rubrikken «Areal» på nytt i skjemaet «Søknad om tillatelse til tiltak utan ansvarsrett», og sende inn den første siden av skjemaet. Hugs å ta med parkeringsareal på eigedommen om dette ikkje allereie er rekna med.

For eventuell informasjon om kva areal som skal reknast som BYA (bebygd areal), sjå rettleiaren «Grad av utnytting» utgitt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, § 5.2.

4. Dersom de vel å søke om dispensasjon, må søknaden nabovarslast på nytt, med dispensasjonssøknaden vedlagt nabovarselet.

Vi vil for ordens skuld gjere merksam på at dispensasjonssøknader er belagt med gebyr uavhengig av utfallet.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert **sendt inn samla innan 09.04.2015**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar byggesak

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Herleif Kvamme

Litlevika 26

5914

ISDALSTØ